

Fra: Odd Bjarne Berdal
Sendt: 25.06.2014 09:07:58
Til: Voss jordbruksskule
Kopi: Birthe Andersen Haugen; Annbjørg Laupsa; Svein Inge Styve

Emne: SV: LÆRARARBEIDSPASSAR
Vedlegg: image005.png;image006.jpg;image002.jpg
Investeringsmidlar 2014 – Voss Jordbruksskule / Nye Voss vgs

Visar til dykkar søknad datert 19 juni om investeringsmidlar til møblar til lærarar i mellombels lokale.

Under føresetnad om at møblane kan nyttast i framtidige lokale på Nye Voss vgs, får skulen med dette innvilga **kr 90 000,- inkl. moms.**

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekningane for kontroll og sendar desse vidare i Basware til Odd Bjarne Berdal. I kommentarfeltet i Basware skal det leggst inn ein referanse til dette brevet og vises til prosjekt 09520, utstyr.

Ein gjer merksam på at midlane må brukast i 2014. Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2015.

Med helsing

Odd Bjarne Berdal

Spesialrådgivar
 Opplæringsavdelinga



**HORDALAND
 FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen
 Tlf. 55 23 92 08 | Mob. 99 23 39 75
odd.bjarne.berdal@hfk.no

Fra: Birthe Andersen Haugen
Sendt: 24. juni 2014 17:59
Til: Svein Inge Styve
Kopi: Odd Bjarne Berdal
Emne: VS: LÆRARARBEIDSPASSAR

Jeg har hatt en samtale med Annbjørg og vi har bestemt oss for å dekke denne kostnaden under forutsetning av at møblene kan gjenbrukes i den nye skolen.

Vi må dekke over invest.budjsett så det betyr regning videresendt til oss.

Birthe

Fra: Svein Inge Styve
Sendt: 23. juni 2014 09:40
Til: Birthe Andersen Haugen
Kopi: Kjell Johan Brun
Emne: VS: LÆRARARBEIDSPASSAR

HEI"

Eg sende eposten under til Odd Bjarne Berdal på torsdag, men har ikkje fått svar.
 Kva tenkjer du om dette`?

Med helsing
 Svein Inge Styve
 -rektor Voss jordbruksskule–
 Tlf 56532400 / 90551854



Fra: Svein Inge Styve
Sendt: 19. juni 2014 08:46
Til: Odd Bjarne Berdal
Kopi: Kjell Johan Brun; Svein Inge Kolve
Emne: LÆRARARBEIDSPLOSSAR

HEI

Ved etablering av den 'midlertidige skulen' ved Voss jordbruksskule, er lærararbeidsplassane organisert i 3 store rom.

Når me no skal innreia desse romma, viser det seg at kontor-møblement som lærarane har i dag, ikkje kan nyttast.

Dagens lærar-møblement er både for store, for ukurante og av varierende kvalitet.

For å få plass til alle lærarane er det nødvendig me innkjøp av nytt møblement.

Me har no sett på ein del løysingar, og har fått eit tilbod på lærararbeidsplassar: modul arbeidsbord 120cm – kr 1.230 (25%rabatt) og tilhøyrande reolmodul m/ 4 hyller: 120 cm kr 1.181.- (25% rabatt). (sjå bilde under)

Dersom me tingar 30 stk – vert dette kr. 72.330.- u/m (ordinært kr 96.420)

Dersom me kan få bestilla dette no – vil dei vera levert og montert til 15.august.

Ei løysing for etterbruk, er å nytta desse som elev-studieplassar i Nye Voss vgs.

På eige budsjett er det lite midlar til dette. Er det tenkt noko rundt 'omstillingsmidlar' som eventuelt kunne vore brukt her?

Eg har tidlegare informert Eigedomsavd om denne saka (Kjell Johan Brun) – og dei har bede meg ta saka opp med dykk!

Er dette noko me kan gå for?



Med helsing

Svein Inge Styve
-rektor Voss jordbruksskule-
Tlf 56532400 / 90551854

